

## REFERAT FRÅ SOKNEMØTE/ÅRSMØTE I ØYSTESE SOKN 15. 3. 26 KL 1240-1400

Det møtte 24 frå soknet , i tillegg nokre frå nabosoknet. Soknerådsleiar og fire frå soknerådet møtte. i tillegg til sokneprest Norunn.

1. Innkalling vart godkjent.
2. Årsmelding vart godkjent.
3. Rekneskap vart godkjent. Atterhald om at rekneskapet vert endeleg godkjent av revisor Trude Torvund.
4. Innleiing til samtale om årsmeldinga ved soknerådsleiar Kjell Dysvik. Bilete og samtalepunkt vart presentert på skjerm, sjå vedlegg

Vi samtaler om;

### KVA KAN VI GJERE FOR FA Å BARN, UNGE OG YNGRE VAKSNE TIL Å **VERE MED?**

Ynskjeleg med fleire opne aktivitetar som inkluderer små born og familiar, for eksempel babysong i Øystese.

Ytringar om at det er viktig med korte gudstenester. Ulike syn her der dei fleste tykkjer at dagens gudsteneste er kort nok og med variert innhald.

Norunn orienterer om at ein aktivt trekker konfirmantar, og barn, med i oppgåver i gudstenestene.

Ytringar om at barnekoret er veldrive og eit svært viktig arbeid i kyrkjelyden.

Otte for at ungdomskoret er i ein sårbar fase med dirigentskifte.

### NY MISJONORGANISASJON

Det vert orientert om avslutta avtale med HimalPartner

Ingen sterke ytringar/kommentarar på dette punktet

### GÅVER TIL KYRKJE OG UTEOMRÅDE

Positive tilbakemeldingar til det som har skjedd så langt

Det vert ytra at ein registrerer at terrenget søkk og det ser mindre pent ut, med ujamnt terreng, over relativt ny-etablerte graver. Er observert mot sjøsidea.

## SAMARBEID MED DEI ANDRE SOKNA

Det vert orientert om samarbeidet her, blant anna i samband med påsken

5. Orientering om mogeleg overgang til kyrkjekrinsutval til erstatning for eige sokneråd (soknerådet vert i så fall **felles** for heradet).  
Dette er ikkje årsmeldingssak, men berre ein orientering om mogelege framtidsplanar.

-Ikkje så mange ytringar her

Kjell Dysvik  
referent